

Asker, 13. mars 2020.

## Tankar i høve styreleiar Odin Leirvåg sin avskil frå styret i Stiftinga Solakonferansen

Med Odin Leirvåg er ein av vår generasjons mest markante drivarar for tryggleik i internasjonal luftfart i ferd med å trekkje seg attende. Han etterlet seg eit stort tomrom, - og på mange vis.

Få, om nokon, har vore aktiv på så mange ulike felt som Odin. Få, om nokon, har meistra grensene mellom sider ved flytryggingsarbeid som han. Få, om nokon, har meistra grensene mellom det alvårlege og det morosame slik Odin Leirvåg har gjort. Han har til og med fått det eine til å forsterke det andre. Odin har gjort det med største sjølvfølgje, som ein naturleg del av seg og sin væremåte. Ikkje berre i kraft av det han har seier og skriv, men mest gjennom det han er og gjer. Odin har gjort levande salige Åge Samuelsen sine ord: «Det er ikkje berre å rope halleluja, du må gjere det og».

Odin har solid militær og sivil bakgrunn, frå helikopter og fly. Han har bygd operativ og akademisk kompetanse, han har vore instruktør og elev, han har vore leiar og fagforeningsmann. Odin har «skræmt folk» som fykar, og han har sjølv drive tryggleikskurs for dei han skræmde. Han har lagt andletet i visdomen sine sakrale foldar, - og i neste augneblenk fortalt levande om unggutar på jakt etter ungjentene kring naustveggane i Os. Odin har gjort det med stort truverd. Han har gjort det grundig og skikkeleg. Det står faste får etter han der han har gått.

I kraft av nettopp dette truverdet har Odin vore mykje nytta som leiar. Han har aksla stillingane med tryggleik. Han har tidvis fått tyn av kollegaer, som «Birdman» og «Onedin-linjen» då han var basesjef for Braathens på Sola. Dei gule midtlinjene på taxivegar og rullebaner på flyplassen var der av ein grunn, - og på parkeringsområda. Odin strevde med å få oss andre til å skjøne det og følgje dei. Men mange valde i staden å køyre kortaste vegane, - og kalla gul-strekane syrleg for O(ne)din-linjer. Odin sjølv tok det ganske roleg. Eg trur faktisk han verdsette humoren. Så heldt han fram med haldningsarbeidet og fekk rett til slutt. I dag køyrer dei der alle.

Odin sat i den operative toppleiinga då Braathens og SAS vart slegne saman. Det var ei tøff tid. Det bles på toppane. Odin var same mannen. Trygg og roleg mellom kollegaer, full av idear, humor og moro. Og stort sett med godt nytt om nokon spurde. I dag veit vi at det kosta då det stod på.

---

### Stiftelsen Solakonferansen

Postadr: C/O Avinor,  
Flyplassvegen 230,  
4055 SOLA

E-post: [leder@solakonferansen.no](mailto:leder@solakonferansen.no)

Web: [www.solakonferansen.no](http://www.solakonferansen.no)

Org.nr.: 975 834 425

### Daglig leder

Besøksadr: Stavanger lufthavn Sola, rom 3045,  
Flyplassvegen 230, 4055 SOLA

Telefon: +47 67 03 04 48

Mobil: +47 90 47 37 02

Odin har i ei årrekke hatt ei dominerande rolle i planlegging og gjennomføring av Solakonferansen. I hans hender har denne markert seg som ein av dei viktigaste i vår samtid. Den har evna å gjere dei skifte som har vore naudsynte for å være dagsaktuell. Dette er lagarbeid, men også her har Odin evna å spele sine mannskap gode og oppnå sterke resultat. Utan å ta æra av det sjølv. Den hadde han faktisk fortent.

Odin har ei framifrå evne til å formidle. Vi heldt kurs for sjøfolk saman på 90 talet. I tillegg til kunnskap og erfaring framstod Odin på ein måte som gav tryggleik og kontakt. Han møtte folk på alle nivå på same måten. Han såg den einskilde og han evna å setje seg inn i andre sin situasjon. Det kjennest, - og eg trur mange av våre kollegaer på sjøen vaks på ting Odin sa og gjorde i den tida. Slikt er ein føresetnad for kunnskapsformidling, men likevel ingen sjølvfølge. Eg er og trygg på at mykje av det Odin har sagt og skrive vil stå etter han i framtida. Truleg bøkene som han arbeider med no. Men og talane han har halde ved, for eksempel, opninga av Solakonferansane. Dei har vore glitrande. Dei har innehalde klokskap og vidsyn. Dei har bygd på grundige analysar og forståing. Dei har hatt sylskarpe slutningar. Alt ikledd enkle, elegante passasjar og formuleringar.

Personleg trur eg at det drivande for alt det eg har nemt her, er Odin sin vilje og evne til kunnskap. Fyrst og fremst innan sitt eige fag og tilstøytande, men og innanfor heilt andre område der flygarar gjerne ikkje kjenner seg heime. Slik sett har vår vesle bransje vorte for trang. Og no går Odin vidare i sin trang til å analysere og setje i samanheng. Til å reflektere, forstå og konkludere.

Heilt til slutt Odin: Eit lite råd, - frå ein kollega, ven og stor beundrar. Kun på humorsektoren og vedrørande historiene dine: Legg vekk den med «Ursäkta min slepa hand..» Den er... svensk. Bruk den med «jekken!» Den er steingod og du kan han så godt. Pass berre på å ha armslag nok når du fortel. I ditt tilfelle er det ein vesentleg del av historia.

I stor respekt for ein klok og varm heidersmann. Lukke til vidare!

Vyrdsamt,

Jarle Gimmestad

#### *Solakonferansen*

*For sikkerhet i luftfarten – den viktigste uavhengige arena for debatt og utveksling av kunnskap.  
For de som har ny kunnskap – de som må ha kunnskap – de som ønsker å tilegne seg kunnskap (SKB/okt 13).*

---

#### **Stiftelsen Solakonferansen**

Postadr: C/O Avinor,  
Flyplassvegen 230,  
4055 SOLA

E-post: [leder@solakonferansen.no](mailto:leder@solakonferansen.no)

Web: [www.solakonferansen.no](http://www.solakonferansen.no)

Org.nr.: 975 834 425

#### **Daglig leder**

Besøksadr: Stavanger lufthavn Sola, rom 3045,  
Flyplassvegen 230, 4055 SOLA

Telefon: +47 67 03 04 48

Mobil: +47 90 47 37 02